

SAK: 2013/2999
DATO: 21.11.2013

Byggm. Bjørn Rune Kvinge

Førebels svar - gbnr 108/540 snr 1 Lindås - tilbygg/bruksendring

Viser til søknad om tilbygg og bruksendring mottaken 09.09.2013 og til spørsmål om sakshandsamingstid i e-post 11.11.2013.

Frist for sakshandsaming er 12 veker for komplett søknad. Beklagar at vi ikkje har gjort det før, men no har vi gått gjennom søknaden og funne at han er for mangelfull til å realitetshandsama. Då stoppar tida å gå for sakshandsamingsfristen, inntil manglane er retta opp.

Skal heile seksjon 1 vera bustad ?
Eller er det fleire brukarar/brukseiningar innafor seksjonen?
Bodplass er ikkje vist tydeleg i søknaden.
Sidan søknaden er levert i 2013, vert TEK 10 i utgangspunktet lagt til grunn for handsaminga. Ønske om avvik skal grunngjevast.

Reguleringsplanen har ikkje spesifiserte grenser for tomteutnytting, men er heilt konkret i talet på bueiningar:

Bygging av 22 husvære (som alle er oppført).
Eksisterande bustadhus skal behaldast (med dei bueiningar som var i bygget då planen vart godkjent).

Det står også i føresegnene at det er innregulert parkeringsplassar for kvart husvære, eksisterande og nye, som inngår i planen.

<http://braplan.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1215004610752.pdf> føresegner
<http://braplan.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1215004776642.PDF> plankart

Å godkjenna ei ny bueining er i strid med planen, og vil krevja dispensasjon.
Dispensasjonssøknad skal nabovarslast. Det vil vera tilstrekkeleg med varsling til Til Consensus Holding AS og til begge sameiga v/styrelseiar.

Tilbygget kan ikkje godkjennast utan skriftleg samtykke frå sameiget. Eit møtereferat er ikkje godt nok.

Vi legg saka på vent til vi får skriftleg tilbakemelding frå dykk, med komplettering/ endring av søknad ..

Har vi ikkje fått noko **innan 31.01.2014**, vert saka avslutta, og følgt opp vidare som ulovleg byggearbeid.

Med helsing
Knut Bjørnevoll
Lindås kommune - byggesak

Kopi: Consensus Holding AS